



DEN NORSKE KYRKJA

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

# Helgedagen

NR. 2 - mars 2020 52. årg.



## Påskedag: Jesus lever! Hurra!

Påskebodskapen gjennom barnefantasi og skaparglede - s. 6



Laust og fast



Oddny takkar av



side 12

Frode Skårlund - ny org. side 18



Ung i Time

side 11

## Bryne - Time - Undheim sokn

### Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Inngang frå Saronsbrotet

heimeside: <http://www.time-kirke.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kirke.no

Prost: Kjell Børge Tjemsland

tlf. 416 38 048

Kateket: Ingrid Time Nærland

tlf. 401 67 222

Diakon: Praxedes Slettebø

tlf. 488 96 919

Sekretær: Inger-Kathrine Kjølleberg

tlf. 51 77 03 77

Assisterande kyrkjevejer: Siri Vik

tlf. 906 43 758

Kyrkjeveje: Gunnar Bjorland Stone

tlf. 962 32 582

Prosjektleiar Ung i Time: Asle Steinbru

tlf. 979 79 771

### Time

Sokneprest vikar Yngvar Nilsen

tlf. 466 52 874

Musikalisk leiar: Frode Skårlund

tlf. 489 97 102

Trusopplærar Ragnhild Hanssen

tlf. 990 22 872

Kyrkjetenar helg: John Ingve Olsen

tlf. 481 56 048

Soknerådsleiar: Willy Finnbakk

tlf. 913 86 545

Dagleg leiar: Anna Bergitte Skårlund

tlf. 990 26 276

Klokkar: Øivind Njølstad Egeland

Kyrkjetenar ved gravferd: Ane Rosland Reime

Time kyrkjegard

tlf. 51 48 32 84

### Bryne

Heimeside <http://www.brynekirke.no>

Sokneprest Stein Ødegård

tlf. 911 57 105

Organist: Per Olav Egeland

tlf. 900 18 708

Trusopplærar Kristine Åsbø

Vikar Mari Ask Helland

tlf. 922 67 251

Barne- og ungdomsarbeidar Marion Lende

(permisjon)

Vikar Marit Høie Hetland

tlf. 911 63 039

Administrasjonleiar:

Elisabeth Obrestad

tlf. 51 77 03 77

Dagleg leiar / kyrkjelydsutviklar

Jostein Aa. Tøllaksen

tlf. 909 88 880

Soknerådsleiar: Ola Undheim

tlf. 908 58 793

Kyrkjetenar helg: Arne Espvik

Kyrkjetenar helg: Karin Sofie E. Olsen

tlf. 467 98 464

### Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

### Undheim

Heimeside <http://www.undheimkirke.no>

Undheim kyrkje

tlf. 51 48 68 20

Sokneprest: May Brit Merland Arnø

tlf. 467 94 518

Organist: Kari Kaald Reiten

tlf. 908 10 346

Kyrkjetenar: Hans Undheim

tlf. 900 37 560

Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark

tlf. 996 26 157

Dagleg leiar: Frode Skårlund

tlf. 489 97 102

Besök vår nettside:

**[www.time-kirke.no](http://www.time-kirke.no)**

E-post sokneråda:

Time sokneråd: [time.soknerad@time-kirke.no](mailto:time.soknerad@time-kirke.no)

Bryne sokneråd: [bryne.soknerad@time-kirke.no](mailto:bryne.soknerad@time-kirke.no)

Undheim sokneråd: [undheim.soknerad@time-kirke.no](mailto:undheim.soknerad@time-kirke.no)

Framsida: - Foto: Reidun Jane Heskestad

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug,

Reidun Jane Heskestad, Arnfinn Vigrestad og Bjørn Håland.

# Til ettertanke

## GREPET AV KORSET – GRIPEKORSET

Det ligger godt og trygt i hånden, gripekoret. Det betyr noe for den som holder det. Gripekorset som mange bruker når en ber til Gud. Den fysiske kontakten med det lille trekorset i hånden forteller meg at jeg setter min lit til det Gud har gjort gjennom Jesu død på korset. Påskemysteriet, at Gud elsket oss så høyt at han ga sin sønn til å dø på korset, for vår skyld, det griper oss! Ja, det gripekoret som jeg holder rundt, det har grepert meg først. Et slikt fysisk tak rundt dette gripekoret, forteller meg på symbolsk vis, hva jeg satser hele mitt liv på:

- at Gud elsker meg
- at Gud har forsønt seg selv med oss - "det er fullbrakt".
- at syndene mine er tilgitt
- at "i min Fars hus er det mange rom", også for meg.

Å holde gripekoret er en pedagogisk hjelpe for oss til å gripe noe av det som skjedde på korset, erkjenne at det mysteriet som skjedde der, handler om mitt liv og det evige Guds rike, uten å forstå dette fullt ut. Resultatet av forsoningen gjør også at vi ved dåpen og troen, får del i alt det Guds rike gir av velsignelse, håp og framtid. Derfor er det fint med gripekoret som det konkrete symbolet det er på Guds kjærlighet til oss. Noen bruker det også når døden nærmer seg. Det er godt å gripe om dette trekorset der på dødsleiet. Det hjelper den døende til å huske at korsets innhold skal bære meg gjennom døden som nærmer seg. Korset klamrer jeg meg til.....Jesu seier på korset gir oss seier over



Kjell Børge Tjemsland

døden og del i oppstandelsen.

Påskens halleluja og seierssang skal få lov til å prege oss i det daglige. Også gripekoret hjelper oss til å bli påminnet om denne lovsangen, den som også englene sang på Betlehemsmarkene. Denne lovsangen fortsatte å bli sunget av oss kristne i ettertid. Derfor synger også vi i dag denne samme lovsangen gjennom ord, toner og liv, det fantastiske GLORIA - "Ære være Gud i det høyeste, og fred på jorden, blant mennesker som Gud har glede i". Kristus er oppstanden! Ja, han er sannelig oppstanden!

*Å, la aldri noensinne  
korsets tre meg gå av minne,  
som deg, frelsens fyrtre, bar!  
Men la kors og død og smerte  
tale, rope i mitt hjerte  
hva min frelse kostet har!*

(Norsk Salmebok 171, v.6)



Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til [helgedagen@gmail.com](mailto:helgedagen@gmail.com) innan 11. mai 2020.

Neste nr. kjem ut ca. 11. juni 2020.

# Min salme

## Det som brest

*Det som brest kan Jesus binda saman,  
Han kan lækja alle hjartesår.  
Han som ser og kjenner våre tankar,  
Han kan gjera meir enn me forstår.  
gå til dei som ber på tunge bører,  
Tala om Guds kjærleik og Guds fred,  
Tala om den store himmelgleda.  
Den som Gud i Kristus har sett ned.*

*Han kan snu det vonde til det gode,  
I hans hand vert sorg og glede vendt.  
Jesus kom med evig liv til alle,  
Me må gå og gjera dette kjent.  
Alle må få del i denne gleda,  
Ho er til for liten og for stor.  
Ho er til for fattige og rike,  
Ho er til for alle folk på jord.*

Tekst: T Haldis Reigstad  
Melodi: Mons Leidvin Takle

..., men mest av alt erfart at teksten held: At Jesus verkeleg kan binda saman det som har gått sundt.



Johanna Judith Edland Haaland

Johanna er frå Ålgård og bur på Bryne. Ho deler med oss at ho har vakse opp med denne songen, sunge han litt sjølv, men mest av alt erfart at teksten held: At Jesus verkeleg kan binda saman det som har gått sundt.

Ho har eit spesielt påskeminne.

Johanna var ein av dei 500 aktørane i Pasjon 2004, med mellom anna Mysteriespel i Domkyrkja i Stavanger. Då var der også riddarturnering i skulegarden på Kongsgård, og middelalder-tablå i smau og på plassar i heile Stavanger sentrum. 15 oppsetjingar hadde dei.

Johanna studerte drama dette året, og var med på si første store oppsetjing. Ho var med i utespelet, og der hadde ho med eit lam frå heimegarden i Gjesdal. På eit gitt tidspunkt skulle dette lammet berast inn til han som spelte Jesus inne i Domkyrkja. Då vart symbolikken sterk og tydeleg: Jesus er soningslammet - som vart ofra for alle våre synder!

## Vegen tilbake til Gud

*"For så elskar Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!" Joh. 3,16*

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn.

Amen

# PÅSKETRADISJONER OG SKIKKER I POLEN

**Paulina Pawlowska er fra Polen, har bodd i Norge noen år. I hjemlandet har hun gått i Den romersk-katolske kirken og forteller litt om påskefeiringa der. Hun og familien deltar i St. Swithuns menighet i Stavanger.**

TEKST: ODDNY UNDERHAUG



**Palmesøndag**



**Paulina Pawlowska**



**Påskekurv til påskedag**



**Smigus-dyngus (våt mandag)**

## **Paulina forteller**

En av påsketradisjonene er å gå til kirken for å velsigne påskepalmen, til minne om Jesu inntreden i Jerusalem. Noen lager sin egen påske-palme, men stadig oftere kjøper folk en ferdig påske-palme. Palmesøndag begynner den stille uke.

En annen påskeskikk er å gå til kirken med en påskekurv. Mat som er inkludert i festligheten er vanligvis egg, lam (laget av kakedeig), salt, pepper, brød, pølse, pepperrot og påskekaker. I tillegg er kurven dekorert med løv, bånd eller påskekyllinger. Man drar til kirken med kurven lørdag, dagen før påske. Så spiser vi den hellige maten under påskedagsfrokosten.

Kristendommen har overtatt våt mandag og legger den til den stille uken. Det har en symbolsk betydning, vannrennelse. Barn løper rundt i hagen, vann helles og de har mye glede. Denne skikken er først og fremst populær blant barn og unge som kjøper spesielle vannpistoler eller vannballonger i løpet av påsken.

# FRÅ KYRKJEVERJA SIN PULT

TEKST: GUNNAR BJORLAND STONE

Det er alltid mest kjekt å snakke om det fantastiske arbeidet som vert gjort i kyrkjene i Time, menneska og relasjonane, dei gode møta og kva Gud gjer i kyrkjelydane våre. Men det fins òg ein del anna type arbeid som er heilt nødvendig for at desse møta, fellesskapet og aktivitetane skal ha det dei treng for å kunne gjennomførast. Eit par månader inn i det nye året er no budsjett og årsplan vedtekne. Dei siste åra er det gjennomført store rehabiliteringsprosjekt i kyrkjene våre, og me er heldige som har funksjonelle og godt vedlikehaldne bygg. For 2020 har me følgande plan for utbetringar:

**Time kyrkje:** Benkeputene i kyrkja er av varierande kvalitet og treng utskifting. I tur og orden vil alle benkene bli leverte inn for å bytte skum/innmat og trekkast om. Det er òg planlagt lettare vedlikehald på el-installasjonar utvendig.

**Bryne kyrkje:** Det skal installerast automatisk, sensorstyrte dørspnar i hovuddøra til kyrkja. Det vil òg bli



sett inn nye lysarmatur i trappegang ned til kjellaren for å gjere området lysare og minske fare for uhell.

**Undheim kyrkje:** Det vert arbeid med å fullføre oppgradering av lydanlegg i kyrkja. Dette vil fortsette etappar dei neste par åra, og vert leia av kyrkjestyret i Undheim. Det vert òg arbeid med å rette feil på utelampar ved kyrkja.

**Time gravplass:** I løpet av våren vil den nye utvidinga av gravplassen på Time bli vigsla og tatt i bruk. Dette vert eit flott anlegg som innbyr til respekt og refleksjon. Me vil kome tilbake med meir om den nye gravplassen i eit seinare nummer.

Me vil nok ein gong takka alle frivillige som bidrar til å halda kyrkjene våre i den gode standen dei er, og som igjen gjer at innbyggjarane i Time har ein god stad å samlast til aktivitetar, fellesskap og møte med Gud. «For i han er det vi lever, rører oss og er til.» (Apg. 17:28a)

## PILEGRIMSVANDRING for heile Jæren prosti 2 påskedag , 13.04.2020, kl. 11.00

Pilegrimsvandring frå Nærlandsparken via Håtangen til Kristkrossen på Njærheim.

Parkering på P-plass ved den tidligare kyrkja.

Me startar med kort friluftsgudsteneste.

Vandringa tek til straks etter.

Ta med matpakke og drikke til ein pause undervegs.  
Velkommen til å vere med på bare gudstenesta også.

Kjell Børge Tjemsland har gudstenesta og leier pilegrimsvandringa.

Neste vandringar er Jonsok 24.6 og Olsok 29.07

Arrangør: Pilegrimskomiteén for Jæren prosti



Foto: B. Håland

# PÅSKEBODSKAPEN

## - ei ny oppleving gjennom barnefantasi og skaparglede

*Rundspørjingar på gata kan tyda på at mange nordmenn ikkje veit kvifor vi feirar påske. Kjende påskeord er gjerne egg, apelsin, snø, påskehare og påskekrim.*

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

### Å bli inspirert til å tenkja nytt

Før påske 2019 var eg på konsert i St. Petrikirka. Stavanger Gospelcompany og fleire andre lokale kor song



**Palmesøndag:** Fint at både dyr og menneske hylla Jesus...

oss gjennom påskebodskapen. Mellom song og musikk las Egil Svartdal påskebodskapen - frå dag til dag i den stille veka. Det vart sterkt og tankevekkjande for meg - korleis vil eg feira påske?

"God Påske - eit hefte for hele familien" låg i benkene. Det kunne me ta med heim og bruka i vår eiga påskefeiring - og vippa betaling.

Heftet vart med heim, etter kvart lese, og eg vart inspirert til å prøva og praktisera noko av det eg las om. Eg førebudde meg - laga "Korsbollar" til Langfredag - ein idé eg fann ein annan plass, og "Oppstandelsesbollar" - etter oppskrift frå heftet.

### Vår påskefeiring dag for dag

Dei aller fleste barn er oppslukte av påskefortejinga, og den vaksne har ansvar for å tilpassa innhaldet. Konkretisering trur eg ofte kan gje nytt innhald både til store og små. Barnebarna mine ville svært gjerne både lesa og leika forteljinga, så me fann fram playmo, barnebibel og "God Påske"-heftet.



**Skjærtorsdag:** Fotvasking gjer godt for store og små

**Palmesøndag** las me forteljing frå barnebibel og "bygde opp" inntoget i Jerusalem på eit fat. Leik og fantasi var med, og barna undra seg over det me "skapte". Den eine detaljen etter den andre kom på plass - alt etter kva barna meinte måtte vera med. Minstemann var bestemt på at trafikklys som dirigerte inntoget, var viktig. Det me bygde opp, vart pynten på middagsbordet denne dagen. Etterpå leika barna med figurane og gav prosesjonen liv.

**Skjærtorsdag** var litt meir dramatisk. Etter å ha lese teksten for dagen, laga me til bordet der dei åt påskemåltidet. Utanfor rommet stod soldatane klare med sverd og skjold! Det vart litt slåsting på veg til Getsemiane og då Jesus vart fanga.

Denne dagen hadde me fotvasking ute. Alle fekk vaska føtene sine av andre. Ei god kjensle som barn og vaksne vil hugsa. Me feira nattverd saman etter idé frå "God Påske"-heftet. Druejuice og kjeks var konkret og godt.

**Langfredag**- Det var fantastisk vår påska 2019. På eit stein-

### Dagane i påskehøgtida

Palmesøndag - Jesus rir inn i Jerusalem, folk hyller han med palmegreiner

Skjærtorsdag - Jesus vaskar føtene til disiplane og et påskemåltidet saman med dei. Minnemåltidet er vår nattverd. Jesus går til Getsemiane, blir fanga

Langfredag - Jesus vert korsfesta på Golgata mellom to røvarar

Påskeafta - Jesus vert lagt i grava

1. påskedag - Jesus står opp og viser seg for Maria Magdalena

2. påskedag - Jesus viser seg for disiplane



**Skjærtorsdag: Påskemåltidet er klart**

bord i hagen bygde me opp Getsemane, Golgata og gravplassen. Tre kors vart reiste, soldatar held vakt og nokre stod og gret. I løpet av dagen var barna fleire gonger borte og såg på "tablået". Bollar med kors på var kaffimat på langfredag.



**Langfredag: På Golgata stod det tre kors**

**Påskeaftan** vart Jesus teken ned frå korset, pakka inn i kjøkkenrullpapir og lagt i grava. Grava var bygd av murstein. Stor stein vart rulla framfor, og soldatar stod vakt. Soldatane vart nok flytta litt rundt i løpet av dagen, men kom alltid tilbake i vaktposisjon!

**1. Påskedag** før me tidleg ut. Det var kaldt ute og spanande. Englane var på plass. Dei fekk hjelpe til å rulla vekk steinen, og henta Jesus ut. Etter kvart stod han der med løfta hender. Jesus har stått opp og grava er tom! Ei sterke og spesiell oppleveling.

Eldste barnebarnet (4 år) og eg hadde regien, minstemann (3 år) syntest det var kjekkast å leika med soldatane. Leiken ved bordet heldt fram utover dagen. Det var ikkje så lett å forstå at sjølv tøffe soldatar vart redde og sprang når dei himmelske kreftene vart sette i sving. "Oppstandelsesbollar" med den "tome grav inni" smaka sanneleg godt!



**Påskeafta: Godt vakthald ved grava**

Påskeegg-jakta var sporleik, og ein av postane var ei fargeleggings-oppgåve som viste Jesus framfor den opne grava. Egg vart funne og påskegodt delt.

#### **Innhald i heftet:**

Bibeltekst for kvar dag i påskeveka, andakt, spørsmål til

samtale og refleksjon, påsketidsline

Aktivitetar: leikar, oppskrifter, quiz, kryssord m m

Liste over påskemusikk, filmar og bøker.

Med løyve frå utgivar av "God påske - et hefte for hele familien" har eg fortalt og vist litt av innhaldet. Mi anbefaling er: Skaff deg gratisbillett til konsernen i Petrikirka i slutten av mars og bli inspirert og engasjert slik at du kan bli med å ta påskefeiringa tilbake til heim /hytte og kyrkjelyd. Nytt redigert påskehefte ventar på deg i benken.

#### **OPPSTANDELSESBOLLER**

Bruk vanlig bolledeig. Putt en stor marshmallow inni hver boll. Bland mel og vann til du får en tykk gretaktig konsistens. Klipp hull i hjartet på en bredpose (plast) og spreyt ut et kors over bollene (som engelske «hot cross buns»). Marshmallowsene vil smelte i ovnen og etterlate et hull når du åpner bollene.  
«Graven er tom!»

#### **LEKER UTEN Å SE**

##### **SMAKELEK**

En klassiker! Del i lag og la deltakerne, med bind for synene, gjette hva de får smake på. Grapefrukt, ketsjup, rå potet, diverse krydder, her er ingen begrensninger!

**Aktivitet frå heftet: "Oppstandelsesbollar" konkretisering av den tome grava**

# LAUST OG FAST

**Det starta som ein Kapellring. Mange var med på dugnad for den nya kyrkja. Ein gjeng kom med mat. Då kyrkja stod ferdig i 2000, måtte dei finna noko anna å gjera. Såleis vart den populære møteplassen i den "grøna bygdå" til.**

**Tre ektepar, Kari og Oddvar Egeland, Åslaug og Torstein Tunheim, Marit og Amund Undheim, deler på hovudansvaret, og så har dei mange gode hjelparar med seg.**

TEKST OG FOTO: REIDUN JANE HESKESTAD

Folk er komne i god tid, og praten går rundt koseleg pynta småbord. Fleire stolar må setjast fram, for her skal alle kjenna seg velkomne.



**Blide damer: Kari Egeland, Borgny Undheim, Åslaug Tunheim**

Amund Undheim ønskjer velkommen. Han tenkjer tilbake på tida då han byrja på framhaldsskulen på Bryne og møtte dei tøffe gutane der. Ein av dei var **Harald Særheim**.

Etter kvart får Harald ordet og fortel ærleg og rett på sak om livet sitt.

- Eg vokser opp på Bryne, far var alkoholikar. Eg vart mobba om måndagane for alt det far hadde gjort i helga. Det var tøft, men mor var sterkt og sa: "Ver ærleg og ver den du skal vera. Du er like god som andre".

- Eg begynte tidleg i arbeid, så det vart lite gjort med skulearbeid.

Det var skule mandag, onsdag og fredag. Tysdag og

torsdag var det jobb, så engelskopplæring fekk han ikkje med seg. Etter kvart som åra gjekk, vart han lysten på å reisa på sjøen, men det fekk han ikkje lov til av mor, men på 18-årsdagen reiste han. Han prøvde sjølivet på godt og vondt, fekk sett og opplevd mykje. Kom heim igjen og stifta familie. Etter fleire jobbar, vart han i 1973 tilsett hos Brøyt. I dette firmaet fekk han med åra ein verdsvid arbeidsplass - jobba som servicemann og demokøyrar. Var



**Drøs som kvikkar opp! Harald Særheim, Torstein Tunheim, Karsten Åstrand og Magne Høyland**

tilsett i 32 år, vart vist stor tillit.

- Eg har opplevd mykje, møtt mange ulike folkeslag og sett store skilnader rundt i verda.

I mange land var det mykje hardt arbeid under svært krevjande forhold og därleg løn. Harald var ikkje redd for å seia i frå når han såg urett. Han prøvde å hjelpe menneske der han kunne. Det var spesielt vanskeleg å sjå svoltne barn i Afrika. Harald tok ei jente med på kafé. Etter ho hadde ete godt, begynte ho å gråta. Han fekk vita at ho gret fordi ho ville få pryl om ho kom heim mett, men utan pengar. Harald ordna det - gav jenta pengar.

I Saudi-Arabia møtte han filippinske framandarbeidarar som arbeidde knallhardt under svært umenneskelege kår. Han tok dei i forsvar og hjelpte så langt han kunne.

Pengar som Noreg gav til utviklingsland gjennom NORAD, erfarte Harald ikkje vart godt utnytta.

- Nokre rike gassa seg og stappa pengar i eiga lomme.

- Eg var med til "the bitter end" hos Brøyt. Då Brøyt vart sold, starta eg å jobba i Finland.

- Tenk, alt dette har eg fått vera med på - og det har

## LAUST OG FAST

Kyrkjekjellaren Undheim kyrkje  
Samling for pensjonistar og andre  
som kan  
Tredje onsdag i kvar månad  
Frå kl 14-16  
Ord for dagen, song, matpause og  
utloddning





Bøn nr. 273 (Bøneboka bak i Norsk salmebok) lyder:

### BØNN FOR STORE BARN

Evige Far, du som er i himmelen! Gleden ved å ha barn, kjenner du. Du har latt oss få del i det store å være

foreldre. Takk for dine dyre gaver. Takk for at du elsker våre barn, også når de går sine egne veier. Du ser dem når vi ikke lenger ser dem, og du kan nå dem når vi ikke lenger kan nå dem.

Forbind de sår som vi har gitt dem i uforstand og kulde. Fri oss fra å kvele dem med kjærighet, du som setter fri den som vender seg til deg.

Trøst og styrk våre barn når de har det vondt og vanskelig. Hjelp dem når de er rådville. Vis miskunn også når de gjør din vilje imot. Vær hos dem som sliter med å komme til rette med livet. La den veien de finner for sitt liv, være en vei mot deg og ditt lys.

*Kirkerådets arbeidsgruppe for Bøneboka (2002)*

gått godt med meg. Eg er ikkje god verken til å lesa eller skriva, men er god til å snakka. Klarte meg i starten med "sjømanns-engelsk", armar og bein.

- Ein slektning som alltid hadde bedt for meg, meinte at bønene var grunnen til at det hadde gått så godt med meg. Det trur eg òg, avslutta Harald.

Takk til Harald Særheim som delte levd liv.

**Matøkt** hører med, og her var mykje å smaka på. Summing rundt i rommet, fortel om utveksling av både laust og fast.

*- Kvifor kjem du til "Laust og Fast"? Kva er fint med å vera her?*

I samtale med Helgedagen, svarar folk nokså samstemt:

- Eg kjem her fordi det er godt å koma saman med andre. Eg likar meg godt, koseleg her. Her er gilde folk, og eg kjenner dei aller fleste.

- Her er det alltid kaffi og god mat. Eg får noko både for både mage og hjerne. Det er interessant å høyra folk fortelja frå eige levd liv. Folk kjem igjen, og det kjem stadig fleire. Folk kjem frå Bryne òg, men dei fleste er frå bygda her.

Alle eg snakkar med seier at dei kjem på "Laust og Fast" så sant dei kan.

Ei dame: - Eg kjører eit handicap-kjøretøy, så eg kjem når det er opplett.

### Utlodding

Lyseblå, gule og rosa lodd vert selde, og effektive damer



**God prat og aktiv lytting rundt same bord**

ordnar trekning, og dei heldige får noko med heim.

### Ord for dagen

Frode Skårland er ny dagleg leiar i Undheim kyrkjelyd og ny organist i Time og på Lye. Mange undheimsbuar kjenner nok Frode som tidlegare lærar ved Undheim skule.

Frode er ivrig kajakkpadlar, men i tida framover må han òg koordinera armar, hender og føter på galleriet i Time kyrkja. Den nye organisten ber om at kyrkjelyden må bera over med lyden av sure tonar frå galleriet!

Frode oppmodar oss til å elskar det Gud elskar. Visa menneske som kjem til vår forsamling/gruppe at det er plass for alle uansett korleislivet har fare med dei.

Me går heim med gode opplevelingar frå ein viktig møteplass. Kjende songar har me sunge, forteljing frå levd liv har rørt og utfordra oss, god mat styrkt oss, gevinstar utdelt og sist, men ikkje minst, god samtale oppmuntra oss.

# TRUSOPPLÆRING I KYRKJELYDANE I TIME



STØRST AV ALT



DEN NORSKE KIRKJA

TEKST: RAGNHILD HANSEN

## Hovudmål for trusopplæringa

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
  - Jesus – frelsaren
  - Den heilage Ande - hjelparen
- Me deler tru og undring.  
Me deler kristne tradisjonar og verdiar.  
Me deler opplevingar og fellesskap.  
Me deler håp og kjærleik.

## Komande arrangement i regi av trusopplæringa

### Babysong

Denne våren vert det babysong berre i Time (Lye forsamlingshus) og på Undheim. Velkommen til ei hyggeleg stund for deg og barnet ditt. Her er det song, rørsle og sosialt samvære.



Barnehagen er open kl. 10-12. Songsamlinga er ca kl. 10.30-11.00.

### ***Undheim***

I Undheim kyrkje er det open barnehage kl.10-12 kvar onsdag (følgjer skuleruta).  
Babysong kl 10.30-11.00.

### ***Datoar for babysong denne våren:***

22. april, 6. mai, 20. mai

### ***Gudsteneste med påskedrama***

På Lye forsamlingshus har me ei annleis gudsteneste på palmesøndag, der me går gjennom hendingane i påskeveka gjennom song, tekst og drama.



### ***Gudsteneste med påskedrama - fotvask***

Lye barnegospel vert med og **4. klassingane vert spesielt inviterte** til å delta på dette.

Øving på Lye forsamlingshus 4. april kl. 10-12  
Gudsteneste på Lye forsamlingshus 5. april kl. 10.30

### ***Gudsteneste med utdeling av barnebibel***

Søndag 19. april er det gudsteneste med Familiefokus i Brynekirken. Då får dei 4-åringane i Bryne sokn som er fødde på vårhalvåret, invitasjon til å få ein flott barnebibel på gudstenesta.

### ***Time***

På Lye forsamlingshus har me tilbodet som ein del av Lykkelenen open barnehage.

### ***Datoar for våren:***

1. april, 15. april, 29. april



# HELGEDAGEN FOR 50 ÅR SIDAN

PS. I starten var kvart nummer av Helgedagen på 8 små sider, 2 A 4 ark. Bladet kom ut kvar månad. Med 5 nummer i året nå, vert det derfor tidsrommet som gjeld når me klipper frå gamle blad.

Else-Marie Bue

Frå Helgedagen 1970 Nr. 5 - s.2-3



## Fridom

Den 17. mai og pinse er to høgtider som begge minner oss om fridom.

Den 17. mai gav oss nasjonal fridom. Saman med den har vi også prentefridom, talefridom og trufridom med høve til å samlast og forkynna Guds ord. Dessutan har vi det daglege brød — i overflod. Ja, det spørst om menneska nokon gong tidlegare i soga har vore så frie som vi er.

Takkar vi Gud og gjev Han æra for dette, og verner vi om fridomen?

Eller er det så at vi i fridomen sitt namn gjer oss ufrile ved vår

kravmentalitet, vårt levevis, kjøpepress, jag etter statussymbol eller vi kjenner oss truga av vår eiga jord og atmosfære på grunn av tilskitning av naturen?

Vi er takksame for fridom, men vi er ikkje retteleg frie nokon av oss dersom vi er bundne av synd. I Johs. 8, 34 står det: Kvar den som gjer synd, er træl å synda. Sidaan vi alle har synda (Rom. 3, 23), treng vi alle å vera loyste.

Pinse vart den Heilage Ande send til verda. Han skal overtyda oss om synd, men viser også vegen ut ur ufridomen. Han viser oss Jesus Kristus: Får no Sonen gjort dykk frie, så vert de retteleg frie.

Har vi sett Sonen — frelsaren? La oss be den Heilage Ande om å peika på Han og på dei syndeband som held oss fast!

Pinsebokspaken er også eit kall til — alle — Guds barn om å gå ut i all verda og forkynna evangeliet — kvar etter den nådegåva han har fått. Ingen er utan nådegåver. Ein har fått ein talent, ein annan ti. Det spørst berre om vi nyttar dei. Gud er mektig til å gjera store ting mellom oss berre han har villege tenrar.

La oss saman stilla oss inn under Herren i større lydnad enn før, og med større frimod gå ut på hans ord og løvnader!

T. MOI.

## Pinsefart

Kva har ballongar og popcorn med kyrkja og Gud å gjera? Kor vart Jesus av etter Kristi himmelfart, og kor er han no? Og kven har bursdag i pinsen?



Pinsefart Undheim

Gjennom tre spennande samlingar med leik og aktivitetar både ute og inne, skal me få svar på nettopp desse spørsmåla. Me vil invitera 2. klassingar til å vera med og lære om Kristi himmelfartsdag og Pisen som me feirer i kyrkja.

## Dataar:

Bryne: 12. mai, 19. mai og 26. mai (Bryne kyrkje)  
Undheim og Hognestad: 12. mai, 19. mai og 26. mai kl. 16.30-18.00 (Undheim kyrkje)  
Lye: 13. mai, 20. mai og 27. mai kl. 11.30-13.00 (Lye forsamlingshus)

## 12Hours-Festival

**30. mai vert alle i 5.-7. klasse inviterte til festival på Undheim.**

12Hours festival er ein omreisande festival der born og unge får oppleve aktivitetar, forkynning og musikk, med Jesus som naturleg midtpunkt. Sjå eiga annonse i bladet.

## På sporet av Jesus

**Alle 4. klassingane får invitasjon til «På sporet av Jesus» i Undheim kyrkje 13. juni kl 12.00-15.00.**

Her vil dei få møte kjende personar frå bibelforteljingane i det nye testamentet. Ut frå det dei fortel, vil me finne meir ut om korleis Jesus møtte folk og kven Jesus er. Til slutt avsluttar me med tacofest. Velkommen til ein kjekk og spennande dag i kyrkja!

# ODDNY HAR HATT EIN FINGER MED I SPELET I MANGE ÅR



Foto: Privat

**Oddny er nå pensjonist - etter 25 år som organist i Time**

TEKST OG FOTO: LIV HELENE Ø. HÅLAND

Oddny er gardsjente, oppvachsen på Lende, der foreldra starta som bureisarar. Dei hadde eit trø-orgel i huset, og alle søskena spelte: orgel, trekkspel og fiolin. Oddny visste at det ikkje var så flust med pengar heime, så piano hadde dei ikkje råd til. Men på forunderleg vis kom der piano i heimen likevel. Det ordna seg med undervisning òg: Audun Vagle reiste til Undheim og hadde piano-elevar der. På vegen tilbake til Ganddal køyrdet han forbi Lende - og underviste Oddny i stova heime.

Han gav henne utfordringar, og då ho gjekk på ungdomsskulen, ville han ha Oddny til musikk-konservatoriet i Stavanger. Edvin Eikenes vart læraren hennar der. Då vart det lange dagar, heime att i halv seks-tida - og mykje øving! At det er viktig å stå på med øving, har ho teke med seg vidare.

Gjennom ungdomstida vart det mykje song, musikk og dirigeringskunnskap: Credo-musikken på Bryne, kristenruss-sekstett og -kor, og musikklaget på Undheim. Travle dagar med mykje engasjement.

Førstevallet etter gymnaset var musikk-linja på lærarskulen i Bergen. Der hadde ho orgel som hovud-instrument - med

seinare domorganist Magnar Mangersnes som lærar. Fiolin var andre-instrumentet.

Også i Bergen vart ho engasjert i musikk-arbeid. Ho vart med i Santalmisjonen si ungdomsgruppe - og hadde eit lite kor der.

I 1974 var ho ferdigutdanna i Bergen. Kjærasten, Njål Underhaug, hadde studert ved NTH i Trondheim medan ho var i Bergen. Det var langt mellom, men dei gifte seg då, og Oddny flytte til Trondheim.

Det vart eitt og eit halvt år i Trondheim, og då tok ho kristendom på universitetet. Studentlags-kor fekk ho også tid til, og ho minnest at dei var saman med sjukehuspresten og song - utan instrument - på gangane på sjukehuset. - Det var meiningsfullt, ein viktig jobb!

Oddny og Njål har budd på Bryne sidan 1975. Etter kvart kom det fire jenter i familien, eldstejenta vart fødd i Trondheim.

Etter at dei kom til Bryne, var Oddny vikar i kyrkjene, og så underviste ho piano-elevar heime. Seinare gjekk ho over i kulturskulen.

Ungdomskoret Jubel på Saron vart ei viktig arbeidsmark for henne og Njål i 10 år. Ho var dirigent, og Njål var "miljøarbeidar" - for opp mot 80 ungdommar. Det var ei rik og strevsam tid.

Etter Jubel vart det ti år med Yngsteskoret på Saron.

I 1994 vart ho organist i 50% stilling i Time og Undheim. Når me les i Helgedagen frå den tida, er det svært lite å finna om Oddny. På tilsette-listene stod det i blada våren 1994 at det var vikar for organisten i Time. Og så - berre namnet hennar under "organist i Time" då ho starta! Bilete eller omtale mangla heilt, og det var gjerne slik Oddny ville ha det: Ikkje blest om henne!

Då ho byrja i stillinga, hadde Ingvar Fykse starta med påskensattes-gudstenester, og slik vart Oddny med på planleggjring og gjennomføring av dei, saman med ungdommar frå ulike



Drøs på Kyrkjetoget

grupper i Time og på Bryne. Desse gudstenestene er spesielle for Oddny. - Påske med Jesu oppstode er sjølve grunnlaget for trua. Det er trusstyrkande og meiningsfullt å syngja "Deg være ære" på gravplassen natt til påskedag - saman med ungdommar med tente lys i mørket!

Ho opplevde det ikkje så enkelt i starten "å få liv i gudstenestene". På 1990-talet kom det noko nytt: "Mukula-messer" - med bønevandring til ulike stasjonar rundt i kyrkja. På Undheim var Oddny med på fornying: "Ung messe" - med vekt på involvering.

På pinseaftan var det tilbod for ungdommar å vera med på gudsteneste i Bjødnalio. Seinare vart det frilufts-gudstenester ved Fotlandsfossen.

Elles har Oddny hatt stor nytte av at ho også arbeidde i kulturskulen. Mange unge har fått vera med på å opptre for kyrkjelyden med song og musikk - rikt for oss som høyrer på, og ei god trening for kulturskule-elevane.

Vibå spelemannslag har også vore på årlege speleoppdrag i Time-kyrkja. Oddny kjende aktørar der, og slik vart det fint samarbeid med folkemusikken.



**Friluftsgudsteneste på Tingvollen i 2009**

- *Kva har vore store hendingar desse 25 åra?*

- Ei stor oppleveling var å få vera med då kongen gjesta Undheim og Time i 2001 i høve storfelt feiring av 150-årsjubileet for Arne Garborg. Kongeparet deltok i ei friluftsgudsteneste ved det som skulle verta det nye Undheim kapell. Det var gildt!

I 2009 var Time-kyrkja 150 år, og det vart feiring på mange vis. Frå programmet ser me at det vart donna eit stort felleskor med tanke på jubileumsgudstenesta i november. Det var friluftsgudsteneste på Tingvollen på Time, friluftsgudsteneste ved Fotlandsfossen, jubileumsgudsteneste med stort program,



Foto: Jorunn Erga Steinsland, Jbl.

### **Påskkenatts-gudsteneste**

og 13. desember var det "Fest i Guds hus" - adventsmesse med tekst av Eyvind Skeie og musikk av Geir Knutson. I alt dette hadde Oddny ei sentral rolle.

I februar 1999 vart koret Jærklang stifta. Dei har delteke i mange gudstenester og andre arrangement opp gjennom åra, og Oddny har vore dirigent i alle desse 20 åra! Sjølv om dette er arbeid på fritida for Oddny, så har koret gjort musikk- og kyrkjeliv rikare i Time.

Staben ved kyrkjekontoret har mange godord om Oddny:

- begeistra	- oppmuntrande	- raus
- arbeidssam	- energisk	- engasjert
- talentspeidande	- glad i å involvera	- effektiv
- smilande		

- Eg kjenner stor takksem for åra som organist, for møte med så mange menneske i deira ulike livsfasar. Gravferdsspel-ing har gitt meg innsyn i mykje levd liv, og ein får respekt for kva menneske må gå gjennom. Å få bruka musikk som uttrykksform også til tunge og vanskelege stunder, har vore ei viktig side av organistjobben.

- Tenker med glede på alle unge musikantar eg har fått ha med på gudstenester, avsluttar Oddny.

# BRYNE KYRKJE

## Laurdag 25. april kl 11.00

Thomas Alvestad  
 Even Bransvik  
 Kaisa Braut  
 Sofia Busby  
 Henrik Elias Nordmark Frøiland  
 Helene Bryne Garpestad  
 Emma Heggø  
 Regine Løge  
 Nahom Asayehgne Minihoune  
 Emil Pedersen  
 Sanne Aase Tunheim  
 Johannes Wetteland  
 Aslak Øfsteng

## Laurdag 25. april kl 13.00

Johanna Bergstad  
 Runar Oltessvik Bore  
 Tobias Wathne Brueland  
 Eskil Vardøy Edland  
 Ingeborg Njølstad Egeland  
 Vetle Hartvedt  
 Nicolai Fosse Jacobsen  
 Elias Bjunes Johansen  
 Loke Lende  
 Aksel Gotuholt Log  
 Sara Kyllingstd Lygren  
 Thea Vigre Olsen  
 Mats Pihl  
 Siri Siveland  
 David Tjemmland Sund  
 Olaus Herredsvela Vagle

## Sundag 26. april kl 11.00

Lotte Haukland  
 Ingrid Hersdal  
 Elias Høie Hetland  
 Henriette Bjørklund Hommel  
 Kristine Haukelid Larsen  
 Ulla Alsvik Mangersnes  
 Oskar Ramstad  
 Nina Bø Ree  
 William Andrè Rosland  
 Steffen Tegle  
 Karolina Tjensvoll  
 Karl Nesse Wiig

## Laurdag 9. mai kl 11.00

Ingeborg Risa Egge  
 Edle Emberland  
 William Ansgar Herveland Enebakk  
 Troy Fuglestad Friestad  
 Tord Grødem  
 Jonas Henkel Håland  
 Delina Tsehaye Mesfun  
 Tuva Moene  
 Dorthea Risa Ree  
 Torjus Berge Taksdal  
 Helle Rosseland Tjensvoll  
 Sofie Tjåland  
 Malin Undheim  
 Teo Sælevik Vagle

## Laurdag 9. mai kl 13.00

Torstein Sandvik Bernt  
 Amilie Birkeland  
 Finn Ødegård Bohne  
 Stine Mellemstrand Bore  
 Kjerstin Sofie Ur Fotland  
 Madeleine Cecilia Gussing  
 Ella Bjelland Haugland  
 Håkon Andreas Helgesen  
 Vetle Herabakka  
 Margaret Horpestad  
 André Håland  
 David Vigrestad Kristiansen  
 Eirik Leikanger  
 Einar Normann  
 Eline Odland  
 Amalie Lykke Hovland Ree  
 Marianne Sandvik  
 Aud Solheim  
 Tord Høien Tengesdal  
 Kaja Thu  
 Ådne Torgersen  
 Reymari Torrez  
 Thomas Vabø Øie

**Ver med og be for konfirmantane våre:**

**Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk. For kvar den som bed, han får; og den som leitar, han finn, og den som bankar på, skal det latast opp for.** (Matt 7,7-8)

**Trafikalt grunnkurs  
 Bryne Bil & MC Skole**

Erlandsbakken 4, 4349 Bryne, Tlf. 51 48 25 10

# TIME KYRKJE

# UNDHEIM KYRKJE

## Sundag 3. mai kl 10.30

Ine Emilie Rustøen Aarberg  
Michael Csiszar  
Kristina Ree Espedal  
Guttorm Fosse  
Torjus Gausland  
Nora Harbak  
Mathias Hem Markseth  
Vanessa Brandtzæg Petersen  
Helena Haugstad Risa  
Julie Sikveland Vigre

## Sundag 3. mai kl 12.30

Eivor Hognestad Egeland  
Karoline Egeland  
Olav Friestad  
Anja Haugland  
Jonatan Asgodom Hetland  
Synne Horvath  
Christopher Håland Kvalbein  
Kristina Lode  
Synne Laland Martin  
Sanne Nygård  
Aleksander Salte  
Henrik Rosseland Salte  
Sander Sele  
Ådne Stensland  
Sander Håland Varhaug

## Sundag 10. mai kl 10.30

Alma Eikeland  
Alexandra Fjelde  
Morten Wefring Fosse  
Nils Ole Fosse  
Sigvart Fosse  
Anette Fossfjell  
Helge Gullestad  
Stina Tunheim Lye  
Victoria Akinyi Oyamo  
Roald Rasmussen  
Bjørg Risa  
Jone Risa  
Kristian Undheim Rosland  
Ingebjørg Tjåland  
Nils Antoni Alimpoos Ueland  
Elias Wefring Undheim  
Ingeborg Christine Undheim-Bauge

# KONFIRMANT-INTERVJU

TEKST OG FOTO: OLIE HØIE HETLAND

Vi har snakka med fire flotte jenter om kva dei synest om å vera konfirmant og korleis dei har opplevd konfirmasjonstida til nå. Jentene var svært positive til året så langt og var einige om at det hadde vore veldig gøy og spanande.

Noko av det dei syntest var kjekt med å vera konfirmant var nettopp det sosiale. Dei gleda seg til å treffa medeleverane sine på konfirmasjons-samlingane og treivst godt med fellesskapet i gruppa. Vidare kunne jentene fortelja at det var gøy når dei fekk bli betre kjende med klassekameratane sine, også utanfor skulen. Av ulike aktivitetar dei fire konfirmantane hadde vore med på, blei dei einige om at boblefotball og skodespel var noko av det mest morosame dei hadde gjort i løpet av konfirmasjonstida så langt.

Då vi spurte jentene kvifor dei ønska å konfirmera seg, svarte dei først at det virka veldig spanande. Dei hadde sett korleis både sysken og vener fekk gjera mykje gøy i løpet av konfirmasjonstida, og syntest det var spanande at dei endeleg fekk lov til å oppleva det sjølve. I tillegg kom dei fram til at konfirmasjonstida også handla om å



*Frå venstre: Eline Odland, Margaret Horpestad og Kaisa Braut*

bekrefta kva dei trur på.

Med andre ord har desse fire konfirmantane berre positive tilbakemeldingar å koma med om konfirmasjonstida. Året som konfirmant byr på eit spanande og lærerikt opplegg med mykje sosialt saman med vener og klassekameratar.

## ÅRETS FASTEAKSJON BLIR DIGITAL OG ER VIKTIGERE ENN NOENSINNE



Kjære menigheter og Kirkens Nødhjelp-kontakter,

Verden står nå overfor en pandemi, som rammer oss alle. I Kirkens Nødhjelp er vi spesielt bekymret for de mest sårbare menneskene i verden. Koronaviruset kan få katastrofale konsekvenser for land med stor fattigdom og dårlig utbygde helse-systemer. Rent vann og god hygiene er livsviktige i denne ekstreme situasjonen. Både for å forebygge videre spredning, men også for å hjelpe de som allerede er rammet. Kirkens Nødhjelp er spesielt bekymret for områder med dårlig tilgang til rent vann og dårlige sanitære forhold, for eksempel flyktningleire og slumområder.

- Vi trenger en global dugnad for å begrense spredningen av COVID-19 i de mest sårbare landene. Vi er svært bekymret for spredningen som allerede skjer i stadig nye land, også land med svake helse-systemer og svært dårlige sanitære forhold. Pandemien kan i verste fall bremse den økonomiske og sosiale utviklingen i mange fattige land, sier Dagfinn Høybråten, generalsekretær i Kirkens Nødhjelp.

Kirkens Nødhjelp er til stede i 30 av de mest sårbare landene i verden. Vi er allerede i gang med opplæring om koronaviruset og smitteforebygging i våre vann- og hygieneprosjekter i flere av de landene vi er til stede i.

- Vi må alle bidra til en umiddelbar respons for hindre videre spredning. Vi vurderer nå hvordan vi kan øke innsatsen kraftig, særlig i Midt-Østen og i afrikanske land. Vi ber nå om hjelp fra alle i Norge.

Kirkens Nødhjelp sin årlige Fasteaksjon er Norges nest største innsamlingsaksjon. I fjor samlet aksjonen inn 32 millioner kroner, et beløp som gir 160.000 mennesker tilgang til rent vann. 29. - 31. mars skulle 40.000 bøssebærere ha gått dør til dør for å samle inn penger for å gi sårbare mennesker tilgang til rent vann og god hygiene.

For å hindre spredning også her hjemme i Norge, vil våre innsamlere i Fasteaksjonen ikke komme på døra. Dette betyr at pengene til årets fasteaksjon ikke samles inn dør til dør, men via Vipps 2426, via fasteaksjonen.no og på sosiale medier, særlig Facebook.

- I en så krevende situasjon, må vi stå sammen og hjelpe hverandre. Vi er alle sårbare nå. Hjelp oss å hjelpe de mest sårbare. Vær med å redde liv og støtt oss digitalt i årets fasteaksjon.

## KORONA

I det dette bladet går i trykken, er det kjent at kyrkjene i Time, med nokre unntak, vel å avlyse alle arrangement ut mars månad. Dette gjeld gudstenester, trusopplæringstiltak, konfirmantopplæring, institusjonsbesøk, kulturarrangement og andre planlagde tiltak.

Gravferder blir gjennomførte i utgangspunktet berre med den nærmeste familien til stades, og dåp og vigsel blir gjennomført etter avtale med familien.

Det betyr i korte trekk at mange av arrangementa som blir kunngjort i dette nummeret av bladet, allereie er i ferd med å bli avlyste eller er usikre.

**Vi oppfordrar alle til å halde seg oppdatert gjennom nettsidene og facebooksidene til kyrkjene. Desse vil bli oppdaterte fortløpande.**

Er du usikker på om eit arrangement du hadde tenkt deg på vert avlyst, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf 51 77 03 77.

Kyrkjekontoret har ope som vanleg, kvardagar frå kl 9-14, men med redusert bemanning.

[www.timekyrkja.no](http://www.timekyrkja.no)  
[www.brynekyrkja.no](http://www.brynekyrkja.no)  
[www.undheimkyrkja.no](http://www.undheimkyrkja.no)

# FRODE SKÅRLAND

## Ny kyrkjemusikar i Time og dagleg leiar i Undheim

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD

- *Kva fekk deg til å søkja stilling i Time kommune?*

- Bogafjell var ein flott kyrkjelyd å jobba i. Mange dyktige og engasjerte personar som eg har lært mykje av. Hadde det godt der, på alle vis. Men eg kunne ikkje la denne sjansen gå frå meg. Me hadde som familie lenge sakna det å kunna gå saman til gudsteneste og stå saman i gudstenestearbeid. Viktig for meg er det òg å kunna vera i lag med folk der eg bur, driva arbeid og knyta relasjonar i den lokale kyrkjelyden. Eg hadde verkeleg lyst til å få jobba i den kommunen der eg bur.

- *Koss har du opplevd desse første vekene i jobben?*

- Eg har møtt utruleg mykje positivitet, gode og varme folk både i stab og i kyrkjelydane. Eg er glad for at me har det slik i kyrkja, og eg kjenner at dette arbeidet trivst eg med. Hjelp og støtte får eg frå alle hald – og ikkje minst oppmuntrande ord. Det varmar, og er godt sidan det nå er mykje nytt som skal lærast.

- *Har du støytt på utfordringar?*

- Å, ja! I begge stillingane møter eg nye oppgåver som eg ikkje har hatt før. For meg er det spesielt det med rekneskapsbiten, som er ein del av arbeidet mitt på Undheim. Det er noko eg har lite erfaring med frå før. Når det gjeld arbeidet i Time sokn, er det spelning på kyrkjeorgel som er nytt. Eg går «all in» for å læra det raskast mogeleg, og håper på forståing for at eg treng litt tid til det. Veit at fleire saknar orgelmusikken i Timekyrkja, men eg kan lova at det vert meir orgel etter kvart, spesielt i høgtidene, ved vigsler og gravferder.

- *Kva visjonar har du for arbeidet?*

- Involvering er eit stikkord for meg. Eg er veldig glad i å ha med meg folk som vil og kan bidra i gudstenesta. Det er kjekt for meg når mange er med, og eg trur at det gjer gudstenestene betre. Alle grupper skal kjenna seg heime i



**Frode Skårland**

kyrkja, spesielt tenker eg det gjeld dei minste og ungdomane våre. Dette vil ein nok og merka i musikk- og songval i gudstenestene. Me må vera rause med kvarandre og akseptera at me har ulike preferansar. Vidare ønskjer eg at Lye og Time vert endå sterkare knytte saman til eitt felleskap. Me tilhører same familie, og det er flott å vera mange og bli kjent med nye! Begge stadene er det gudsteneste annakvar veke, og eg har tru på at me får større glede av kvarandre og veks meir i trua om me går til gudsteneste oftare enn det.

- Eg har nok ein lågkyrkjeleg profil, men er oppteken av å kunna famna alle, så derfor oppfordrar eg folk til å koma med innspel.

- Eg har eit håp om at kyrkja skal vera prega av den kjærleiken og omsorga som Jesus viste. Hos Gud er det plass til alle. Alle høyrer like mykje til og har like stor verdi. For dette fortener Gud all ære, og derfor skal me samstemt lovprisa han med ord og tonar når me samlast til gudsteneste!

### FRODE SKÅRLAND

Fødd og hadde barneåra i Sandnes. Seinare flytta familien til Tananger. Så bar det til Oslo og Staffeldsgata i to år, der han gjekk bibelskule og studerte kristendom og musikk. Etter militærtenesta gjekk han på lærarskulen i Trondheim og Stavanger. Lærar på Undheim i 7 år. Musikalsk leiar i Bogafjell sokn i 2 år. Lærar på Lye i 2 år, før han i 2012 vende attende til Bogafjell og stillinga som musikalsk leiar. Frode Skårland er frå 1.1 2020 tilsett i to 50% stillingar: som kyrkjemusikar/organist i Time sokn og dagleg leiar i Undheim sokn. Frode er 43 år, gift med Anna Birgitte, og dei har to jenter og ein gut - som no er ungdommar. Har budd på Lye sidan 2000.

## UNG I TIME

### Nytt prosjekt

TEKST OG FOTO: ASLE STEINBRU

Det første halvåret i prosjektet Ung i Time er no runda, og mange lurer nok på korleis det går. Eg kan starta med å seia at for meg som prosjektleiar, har det vore eit kjempespennande og givande år. Eg starta med å bli kjent med system, kyrkjelydar og menneske. Eg fekk koma i kontakt med ungdom, byggja relasjonar, leita etter kor skoen trykte og prøva å få kontroll over kven dei var. Dagane har vore varierte, og saman med styringsgruppa, kollegaer, frivillige og fleire har det heile blitt litt meir oversiktleg.



Eg var i løpet av hausten med på mange aktivitetar, noko sporadisk og anna fast. I tweensopplegget 9:13 i Bryne, fekk eg saman med frivillige sett i gang eit tiltak som me kalla for Crew. Dette var for dei som gjekk i 7. klasse og oppover. Tiltaket blei sett i gang for å gjera overgangen mellom barneskule og ungdomsskule enklare. Det har vore eit spennande prosjekt å følgja opp.

Ungdomslaget Varden på forsamlingshuset på Lye har hatt ei spennande reise. Martin, som er lærarstudent og ungdomsarbeidar på Varden, har vore ein viktig samarbeidspartner og styrt ungdomslaget. Sjølv om Varden starta opp rett før sommaren i fjor, så er ungdomslaget prega av ein flott kultur kor ungdommane sjølve tar ansvar for det som skal skje, det er altså deira ungdomslag og dei er rause på å inkludera nye.

I byrjinga på desember kom det opp eit ynskje frå nokon av dei eldre ungdommane. Ynskjet var samlingar kor ein gjekk meir i djupna av trua og Bibelen. Det var også viktig at dette ikkje blei nok ein plass å måtte gjera noko, men ein plass for å vera til stades, senka skuldrene og vera sosiale. Derfor blei Puls starta. Fyrste samlinga med Puls var 20. desember, og er kvar fjerde veke for 1. vidaregåande og oppover. Mat, bibelundervisning, sosialt og seine kveldar er beskrivande stikkord. Puls-samlingane har til no vore på Lye og fortset nok med det framover, men det er ikkje skrive i stein at det alltid skal vera

der. Samlingane er opne, og er for ungdommar frå heile Time.

Ganske tidleg på hausten la det seg naturleg til rette for nokre samlingar i Brynekyrkja saman med ein gjeng ungdommar i 9. og 10. klasse. Me hadde fleire treffpunkt i lag gjennom hausten, og nå på nyåret bestemte ungdommane seg for å oppretta ungdomslaget UngFokus - eller UF om du vil. Namnet vart henta frå søndagsgudsteneste-konseptet Familiefokus.

Ein ting som også har vore fint, var å samla leirarar frå forskjellige ungdomslag her i Time. Det å komma saman for å dela frå arbeida våre, tankar om ungdommane, få heia på kvarandre og be saman for ungdommane våre i Time har vore flott og viktig.

Ein annan ting som har vore fint, har vore alle som har vist omsorg for ungdomsarbeid og prosjektet Ung i Time i kyrkjene våre. Engasjement og spørsmål er gode teikn på at folk bryr seg og er med og ber. Fortsett med det! Det er også ei forbønnsteneste for Ung i Time som har vore gull.

Eg kunne skrive mykje om det å få bygga Stein på Stein, andre aktivitetar, enkeltmøte, kaffikoppar og gode samtalar saman med frivillige og ungdommar. Eg kjenner meg velsigna over å få vera ein del av prosjektet. Og er takknemleg for alle dei flotte ungdommane i Time. Eg trur det beste ligg framfor og at me har mykje spennande framfor oss i åra som kjem. Jærsk ungdom er kremen!

1 Tim 2.4 «Han som vil at alle menneske skal bli frelse og læra sanninga å kjenna.»



# HVA ER EN PILEGRIM? ER DET MEG?

**En pilegrimsvandring er bevegelse, men ikke stress. Du opplever natur, men også nærekontakt med deg selv. Hva med å gå en kort eller lengre pilegrimstur i sommer?**

TEKST: TOVE MARIE SORTLAND, KOMMUNIKASJONS-RÅDGIVER STAVANGER BISPEDØMME

Å være pilegrim har blitt stadig mer populært. I vinter kom det melding fra Nasjonalt pilegrimssenter om at antallet registrerte pilegrimer her til lands er blitt mer enn syvdoblet de siste sju årene.

I vår og sommer arrangeres det flere felles pilegrimsturer i Rogaland. Noen tar flere dager, noen kun et par eller bare en dag. Du kan være pilegrim på vei over sagaøya Karmøy (26.-27. mai), til Røldal (30. juni – 5. juli), langs Kystpilegrimsleia fra Stavanger til Bergen (13. – 18. juli) og til Stavanger over Jærstrendene (3.-7. august).

Eller hva med å legge en pilegrimstur til din egen lokale



**I august kan du bli med på vandring fra Egersund til Stavanger, turen blir arrangert for sjuende gang. Foto: Eivind Hauglid**

kirke? En pilegrimstur trenger ikke være lang, det er innholdet som er viktigst. Slik kan også det å dra til gudstjeneste bli en pilegrimstur, med et hellig mål for vandringen.

På pilegrimsvandringen fra Stavanger til Røldal i sommer er biskop Anne Lise Ådnøy en av turlederne. Hva tenker hun om det å være pilegrim?

– Pilegrimsreisen gir anledning til å reflektere over hvordan vi bruker tida, og hvordan vi opplever dagene som kommer og går. Reisen har et mål, likevel vil de fleste erfare at reisen eller vandringen i seg selv er viktigst. Langsomhet har verdi. Ettertanke kan skape muligheter for å sette ny kurs.

## Naturen gir omfavnelse og motstand

Å vandre i naturen har alltid vært viktig for Stavanger-biskopen.

– Folk kommer langveisfra for å gå pilegrim i norsk natur. Omgivelsene farger opplevelsen. Vi kan bli omfavnet av mild sol eller møte motstand i regnbygger. Vegen kan føre oss over flate viddar eller opp tunge bakker. Alt er skapt av Gud og hviler i Gud. Som pilegrim kan gudstro bli vevd inn i erfaringer av landskap, steder og møter med folk langs vegen.



**– Som pilegrim kan gudstro bli vevd inn i erfaringer av landskap, steder og møter med folk langs vegen, sier biskop Anne Lise Ådnøy. Hun er med som leder på turen fra Stavanger til Røldal i sommer.**

**– Hvorfor er du en pilegrim?**

– Pilegrimsvandringen kan gjøre oss mer bevisst på hva vi bærer med oss av glede og sorg. På en måte blir livet forenklet og fortsettet på reisen. Noen ganger skal vi unne oss dager i strekk, andre ganger er turen på veg til kirka nok. Vi beveger oss alltid gjennom tid og landskap. Derfor er jeg en pilegrim. Jeg spør: Hva vil du vise meg nå, Gud?

## Din egen reise

Arvid Kaspersen er daglig leder på Utstein Pilegrimsbard. Der holdes det åpent for overnatting i sommer, for pilegrimer som ønsker å bruke litt tid på reisen og ha måltider, tidebønner og naturopplevelser på Utstein som en del av vandringen.

Ordet pilegrim betyr «fremmed», forteller Kaspersen.

– På en måte er vi alle fremmede på livets vei, vi vet ikke hva som ligger foran oss. Alle kan være en pilegrim, understreker han, og anbefaler å bruke noen dager i sommer på å sette sammen sin egen, personlige pilegrimsreise, alene eller sammen med andre.



**Utstein Pilegrimsbard på Mosterøy holder åpent for overnatting i sommer. Foto: Inge Bruland**

## Hellige mål gjennom århundrene

Reisen kan gjerne gå til din lokale kirke, eller for eksempel



# SAMAN - ER VI MINDRE ÅLEINE



**Det norske misjonselskap**

Det er ikkje utan grunn at mottoet for NMS sin Sommarfest og generalforsamling i år er SAMAN.

Kvart tredje år arrangerer NMS ein Sommarfest og generalforsamling. I år inviterer dei alle til vakre Ålesund frå 25.-28 juni.

Jugendbyen er kjent for sine vakre bygningar, og i sommarmånadane strøymar turistar til kystbyen for å oppleve

naturen og arkitekturen. I det rikhaldige programmet for NMS Sommarfest & generalforsamling 2020 vil det også bli rikt høve til å bli betre kjent med byen.

## Men tilbake til mottoet SAMAN- kvifor?

Når målet for NMS er at vi skal dele trua på Jesus, utrydde fattigdom og kjempe mot urett i verda seier det seg sjølv at ein ikkje kan stå åleine. Talarar kjem frå inn- og utland for å inspirere unge og eldre til engasjement.

NMS legg også vekt på miljøengasjement og berekraft, og dette kjem til syne i programtilbodet for festdagane i Ålesund. Her blir seminar om grådighetskultur, læring i kompostering og berekraftig kosthald. Sommardagane i Ålesund skal inspirere og opne opp for samvær med både gamle og nye bekjentskap.

Du kan lese meir om NMS sin Sommarfest & generalforsamling på [nms.no/sommerfest](http://nms.no/sommerfest). Her får du både meir informasjon om arrangementet og link til påmelding, Påmeldingsfristen er 14. juni 2020.

en av Rogalands mange middelalderkirker, som har vært hellige reisemål i hundrevis av år. Stavanger domkirke er et naturlig mål, ellers er det middelalderkirker på både Orre, Sørbø, Talgje, Hesby, Utstein og Avaldsnes.

– Det å gå i lag med andre gir kraft i livet. Det å være på en indre vandring gir kraft for evigheten. Gjør det å være pilegrim til en liten ferieopplevelse med mening og innhold, anbefaler Arvid Kaspersen.

Vil du vite mer om noen av sommerens pilegrimsturer, se [kirken.no/stavanger](http://kirken.no/stavanger) og velg MENIGHETSLIV og RETREAT/PILEGRIM. Sjekk også [utsteinpilegrimsborg.no](http://utsteinpilegrimsborg.no) eller [pilegrimsleden.no](http://pilegrimsleden.no).

## Pilegrimens sju nøkler

Fritt etter den svenske pilegrimspresten Hans-Erik Lindstrøms «Pilegrimsliv – en håndbok for vandrere».

**Langsomhet:** Vi lever i en hastverkskultur, og mange opplever at en ikke rekker alt en skulle ønske. Og vi har kanskje ikke tid til å kjenne etter hvordan vi egentlig har det? Langsomhet er blitt en mangelvare.

**Frihet:** Det å vandre i naturens landskap i langsomt tempo, uten kalender som styrer altfor sterkt, gir opplevelse av ytre og indre frihet fra tidens overveldende stress.

**Enkelhet:** Mye av det beste i livet er gratis, bare man klarer å oppdage det. Pilegrimen bærer med seg kun det hun trenger, sekken må være lett nok for å kunne vandre fritt.

**Bekymringsløshet:** Vær til stede i det du gjør. La unødige ambisjoner fare. Vær den du er. Det dreier seg ikke om slapphet, likegylighet eller ansvarsløshet, men derimot om evnen til å være til stede i det som skjer.

**Stillhet:** I stillheten møter vi ikke bare oss selv med større åpenhet enn tidligere, men også Gud og hverandre. Det ordløse fellesskapet under en vandring kan si mer enn tusen ord og sveiser på forunderlig vis mennesker sammen.

**Fellesskap:** Livet som pilegrim lærer en å dele og gi av det man har, både i sine ytre og indre forråd. Møter med med-vandrere der en deler glede og sorger kan gi gode og nære fellesskap.

**Åndelighet:** Pilegrimen vandrer mot et hellig mål. Den åndelige dimensjonen er med i pilegrimsvandringen. Pilegrimen aner at i møtet mellom liv og død åpnes det en port som fører videre, likesom møtet mellom himmel og hav i horisonten, hvor man aner fortsettelsen.

# KONFIRMAN<sup>+</sup> 2021

Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkommen til konfirmasjon i kyrkja. I konfirmasjons-tida får du læra meir om deg sjølv og Gud. Du får anledning til å utforska nokre av dei mange spørsmåla i livet saman med andre. Vi snakkar om livet – på godt og vondt, om kjærleik og om Gud.

Bli med på ei spennande reise fram til den høgtidelege konfirmasjonsdagen!

Invitasjon vert sendt ut etter medlemsregisteret til Den norske kyrkja. Den går til alle døypte medlemmer fødde i 2006. Udøypte og medlemmer i andre kyrkjessamfunn er også velkomne som konfirmantar hjå oss.

Innskrivinga til konfirmasjon opnar på nettsida vår [www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no) 18. mai kl 12.00.

## Konfirmasjonsdatoar i 2021 og 2022

2021

Laurdag 24. april kl 11.00 og kl 13.00: Bryne  
 Søndag 25. april kl 11.00: Bryne kyrkje  
 Søndag 2. mai kl 10.30: Undheim kyrkje  
 Søndag 9. mai kl 10.30 og kl 12.30: Bryne kyrkje  
 Torsdag 13. mai (Kristi himmelfartsdag) kl 10.30 og kl 12.30: Time kyrkje

2022

Laurdag 30. april kl 11.00 og kl 13.00: Bryne kyrkje  
 Søndag 1. mai kl 10.30: Undheim kyrkje  
 Søndag 8. mai kl 10.30 og kl 12.30: Time kyrkje  
 Laurdag 14. mai kl 11.00 og kl 13.00: Bryne kyrkje  
 Søndag 15. mai kl 11.00: Bryne kyrkje

## 12Hours Festival:

Laurdag 30. mai...

...arrangerer Skjærgårds Live Time saman med kyrkjelydane i Time 12Hours festival i hallen på Undheim. Arrangementet er for alle som går i 5.-7. klasse i heile Time kommune.



**12 HOURS  
festival**

**Velkommen til ein heil dag med mange ulike aktivitetar i hallen, musikk og forkynning frå scenen**

Invitasjonar vert sende ut etter medlemsregisteret.  
 Påmeldinga opnar 1. mai kl. 12.00.



## Fredagskveld på Kyrkjetorget, Time kyrkje

Denne våren startar me opp med  
**Fredagskveld på Kyrkjetorget** eit par gonger  
i halvåret.

Fredagskveldane på Kyrkjetorget blir  
samlingar med tid til drøs, uformelt  
program, samtale med kveldens gjest,  
allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat  
kvar som me set på fellesbordet.  
Komitéen ordnar kaffi/te.

Første samling, og den einaste i vår, vert

**fredag 17. april kl. 20-22**  
**Olav Eritsland er denne kvelden**  
**vår musikalske gjest.**

Arr: Fredagskveldkomité: Vigdis Lervik  
Hareland, Tore Norheim og Oddny  
Underhaug

## Sundagstreff i Bryne kyrkje våren 2020

### Program:

Kl. 18:00: Ringleik og allsong + kaffi og drøs i peisestova

Kl. 19:00: Gudsteneste i kyrkjesalen

Sundag – 26. april kl. 18:00

Torsdag – 14. mai blir det grillfest! Det blir sendt ut eigen invitasjon  
med tid og stad

**Velkommen!**



## TORSDAGSTREFF

I Bryne kyrkje våren 2020  
Torsdagar kl 14.30

**Torsdag 16. april:** Reidun Borsheim Riskedal: «Smerten og Håpet»

Det blir matøkt og andakt



**Pluss minus 60 Velkommen!**

## **Velkommen til samling med pilegrimsmotiv: «Til fots mot Nidaros»**



**Bryne kyrkje, 29.03.2020, kl. 19.00**

**Foredrag ved sokneprest i Høle og pilegrims-vandrer Anne Lise Matre.**

**Varmrett. Kr. 100.**

**Arrang. Pilegrimskomitéen for Jæren**

TRENG DU NOKON Å  
SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenker på å ta sitt eige  
liv, andre er usikre, einsame eller redd.  
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

**SOS**  
22 40 00 40

**SOS**  
MELDING

**SOS**  
CHAT

 **KIRKENES  
SOS**

### **“LAUST OG FAST” våren 2020 i kyrkjekjellaren Undheim kyrkje**



**Undheim kyrkje**

**Onsdagar kl. 14.00 - 16.00**

**15. april**

**20. mai**

**Ord for dagen, song, utloddning og matpause.**

**Hjarteleg velkomne, pensjonistar og andre  
som tida høver for.**

**Arr. “Laust og Fast”- komitéen**

Vi ønsker å invitera deg til

# **Familiefokus**

**Gudsteneste for store og små i Brynekirka**

Våren 2020:  
26. januar – 16. februar – 15. mars – 19. april – 10. mai – 7. juni  
Gudsteneste kl 11.00

[facebook.com/brynekirka](https://facebook.com/brynekirka) | [brynekirka.no](http://brynekirka.no)



**Bryne  
Kyrkja**



# BARNAS SIDE

## Fargelegg!

Jesus rei inn i Jerusalem på eit esel, og blei hylla som ein konge.

Teikning: Claudia Chiaravalotti



## Finn vegen til den tomme grava!

Følg Jesus gjennom Jerusalem frå palmesøndag til påskedag.



## Finn 5 feil

Teikning: Claudia Chiaravalotti

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Gje barnebladet  
**BARNAS** til eit barn  
du er glad i!

Dese oppgåvane  
er henta  
frå bladet.

**Bestill  
abonnement  
på Søndagsskolen.no  
eller 22 08 71 00**



## VITSAR

- Pappa har byrja på bakekurs. I går lærte dei å bake bollar.
- Blei bollane gode?
- Kjempefine! Vi spelte bordtennis med dei heile kvelden.

Korleis finn myggen ut kva for blodtype eit menneske har?  
Svar: Dei tar stikkprøver.

 <p><b>Jær Tannlegene</b> Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no   5148 4800</p>	 <p><b>JÆRPRINT</b> TRYKK &amp; DESIGN</p>	 <p><b>REIME</b> VARMEPUMPER OG SPA www.reimeas.no - Tlf: 51 73 14 22</p>
	<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p>  <p><b>Glassmesterforretning</b> Einar Knutsen as Postboks 148, 4349 Bryne Tlf. 51 48 02 11 DØGNNSERVICE 971 78 180</p>	
<p><b>MotorForum</b> Stavanger - Sandnes</p>   		 <p><b>EL-TEAM</b> Elektroentrepreneur Morenefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>
 <p>Forsikringsmegling as</p>		
 <p>Vesthagen 9, Håland, 4344 Brune</p>		 <p>Bøgh Hafoø a/s <b>TOYOTA</b> Fossveien 3, 4373 Egersund Tlf. 51461700 www.toyotaegersund.no</p>
	<p><b>OK Bad as</b> Tverrfjellveien 5 4347 Lye</p>	
 <p>når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90</p>		<p>Haver Advokatfirma AS Øgårdsbakken 3, Bryne telefon 51 77 00 50</p>



Jæren Skog & Hage

Jærveien 162, 4344 Bryne  
Tlf. 915 28 260



STEINSLAND & CO



**Aanestad Maskin**

900 59 966

fb: Aanestad Maskin

Graving - Løing - Masseflytting - Riving



Ungdommane i kyrkjelydane i Time  
har gått saman og inviterer deg til

**Påskenattsgudsteneste**

**Påskeaftan 11. april kl 23.00**

**Time kyrkje**



Sosial samling for ungdom på  
Kyrkjetorget etter gudstenesta.

**Bryne**  
Kto. 3325.20.11906

**Vil du ha Misjonstidende MT GRATIS i postkassen?**

Send SMS med **NMS MT** til 2490  
eller ring oss på 51 51 61 00.

**VI TRENG FRIVILLIGE.**

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?  
Kvart år svarer vi samla kring 200 000 samtaler via telefon  
og internett, likevel er det ein av tre som ikkje svar.

Les meir og meld di interesse på  
[kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)

Å snakke med folk om livet gir meinig.



**Evangeliet tilbake til jødene**

Den Norske Israelsmisjon  
[www.israelsmisjonen.no](http://www.israelsmisjonen.no)

Vil du at palestinere og israelere skal få mulighet til å møtes i Kjærlighet?  
Vipps din gave til 19333

**NOREA** MEDIEMISJON

**TAKK**  
til deg som

UTRYDDER FATTIGDOM

DELER TROEN PÅ JESUS

BEKJEMPER URETTFERDIGHET

**NMS**

VIPPS: 10932  
SMS: NMS HJEM til 2490 (kr 200)

SAMMEN FORANDRER VI VERDEN



### Det er ingen selvfølge at noen ordner bursdagsgave

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knyter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familiær som sliter med alkohol- og rusproblemer?

**Send VIPPS til 13130** (valgfritt beløp)  
**Send SMS "BK VENN" til 2210** (kr 100)



# Skaparverket



## Blåmeisa


TEKST: ROLF HESKESTAD FOTO: HARALD LYGREN

Alle kjenner kjøttmeisa, men mange har ikkje lagt merke til kompisen, blåmeisa. Sjøl om kjøttmeisa er fysisk overlegen, så held dei seg ofte i lag. Blåmeisa sitt viktigaste kjenneteikn er den flotte blå kalotten på hovudet. Elles liknar ho på kjøttmeisa, men er tydeleg mindre.

Blåmeisa er reine akrobaten der ho kvikt sprett frå kvist til kvist, snart hengjande etter beina på leit etter småkryp og andre godsaker. Om vinteren held dei saman i småflokkar og vitjar gjerne fuglebrettet. I flokken rår eit tydeleg hierarki, der ein gamal hannfugl er sjef. Kvar fugl i flokken kjenner sin plass på rangstigen.

Blåmeisa byggjer gjerne reir i hole tre. Fuglekassar er også populære, men då bør diameteren på opninga vera 2,8 cm. Dersom holet er større, risikerer blåmeisa å bli kasta ut av større fuglar som kjøttmeis og svartkvit fliesnappar. Dei 8-12 eggna blir lagde i ei flott "seng" av ull, hår og mose. I gode år greier dei flittige fuglane å få fram 2 kull. Han og ho er saman om ungestellet, og dei held trufast saman heile livet.

## Det litt muntre hjørnet:




Løsing Helge-kryssord - 1/20

I Skotland vart ein nervøs kandidat intervjua av dei eldste i kyrkja som ville finna ut om han var skikka til å bli ny pastor.

- Er du ein papir-forkynnari? ville dei vita.
- Kva i all verda er ein papir-forkynnari? svar den forskrekka kandidaten.
- Dersom du skriv ned preika på papir, sa den eine av dei eldste, - då veit me at du vil slutta når det ikkje er meir papir. Dersom du ikkje gjer det, så er det bare Gud som veit når du vil slutta.

## HelgeKryssord - 2/20 (av Gabriel Tengsareid)



### Vassrett

1. Oliventrehage
10. Artistane
12. Sjukdom
13. Ditt og mitt
14. Like bokstavar
16. israelsk leiar
17. Inventar i kyrkja
18. Nabobokstavar (omv.)
19. Skråkant
21. Konkurrera
22. Virgle
23. Ver helsa
24. Flatemålseining
25. Utsyn
26. Blokk av støypt, edelt metall
28. Edelgass
30. Mirakel
31. Opphaldsrommet
32. Førebilete
33. Skodespelet
34. Livd

### Loddrett

1. Bygning
2. Utferda som israelittane gjorde
3. Rett til å dyrka den religionen ein vil
4. Overnattingstrom
5. Stad med bittert vatn
2. Mosebok 15,23
6. Etterlaten
7. Sakramentet
8. - - gros
9. Beiteområde for buskapen på fjellet (flt.)
11. Avlukke
15. Eining ved rekning
20. Bestand
21. Forboden
22. Hardfør
24. Flateinnhald
27. Fugl
29. Konjunksjon
32. Like vokalar

# Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,

kto.nr. 3325.25.07057

Trusopplæringa i Time

kto.nr. 3325.39.13407

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste

ungdomsarbeidar, Undheim

kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kyrkje - gåver

kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,

kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad

kto.nr. 3325.25.09270

Barne- og ungdomsarbeidar på Lye

kto.nr. 3290.58.78041

Stikk innom vår heimeside

<http://www.time-kyrkja.no>

Nærradioen  
med godt nytt

JÆREN MISJONSRADIO

Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på  
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9  
[www.jmradio.no](http://www.jmradio.no)

Sendetider

- Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
- Tirsdag: 08.30 - 09.00
- Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
19.30 - 21.00
- Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
- Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

**Jesus Kristus  
er i går og i dag  
den samme, ja  
til evig tid.  
Hebr. 13,8.**

Vil du gi en gave   
til Normisjon?

Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis  
du vil den skal gå til noe  
spesielt.

[www.normisjon.no](http://www.normisjon.no)



## Miljø, møteplass og misjon



### NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter Inngang ved  
hjørnet Saronsbråtet og Meierigata

**Vi tar imot og sel:**  
Møbler, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,  
pyntegenstandar, hagereiskapar og anna.  
Vi tar også imot stumpar av stearinlys  
Telefon 400 37 151

Opningstider:  
måndag-fredag 10.00 – 17.00 laurdag 11.00 – 15.00



### FRETEX butikk Bryne

Parken senter Inngang ved  
hjørnet til Erlandsbakken og Meierigata

**Vi tar imot og sel:**  
Klede, kjøkkenutstyr, måleri, bøker, møbler,  
pyntegenstandar, hagereiskapar og anna.  
Telefon 922 09 638  
Opningstider: måndag stengt.  
tysdag-fredag 10.00-16.00 laurdag 11.00-15.00



## DØYPTE

### BRYNE KIRKJE

09.02.20: Erle Horpestad Goa, Sarah Strøm Jurginas  
23.02.20: Johan Mæland

### TIME KIRKJE

25.01.20: Daniel Skogly Reve, Nicolai Siqveland, Mia Søiland  
26.01.20: Eivind Finnbakk Susort  
09.02.20: Malin Sørvåg Byberg, Mathea Bødtker Fuglestad, Mille Hansen Ims, Torben Røstad Lien,  
Regine Halseth Salte, Zelde Stokkeland-Hegre

### BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

19.01.20: Adele Ellertsen Øen (Høyland kirke)

### Nye rutinar i samband med bestilling av dåp

Frå 01.01.2020 må alle som bestiller dåp av barn i Time, Bryne eller Undheim kyrkje, framvise kopi av fødselsattest og skjema om godkjent namneval frå Folkeregisteret.

Ta kontakt med Inger-Kathrine Kjølleberg v/Time kyrkjecontor (51770377) dersom det skulle vere spørsmål knytt til dette.



Foto: BH

## DØDE

Ingeborg Søyland, Bendik Vestheim, Sverre Hadland, Egil Aase, Greta Danielsen, Lovise Lea, Olaug Magny Eide, Ranveig Marie Laland, Peder Espedal, Tor Gaute Skrudland, Arthur Thu



### Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)  
tlf. 911 57 105  
Sokneprest May Brit Merland Arnø  
tlf. 467 94 518  
Diakon Praxedes Slettebø  
tlf. 48 89 69 19



### Støttegrupper Kyrkja sitt tilbod til etterlatte

Det finst tilbod om å delta i støttegrupper etter at ein har mista ein av sine nærmeste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på: [diakon@time-kirkja.no](mailto:diakon@time-kirkja.no) eller ring kyrkjecontoret på tlf. 51 77 03 77

**KROGEDAL**  
begravelsesbyrå

51 97 29 00

DØGNAKT



VI HAR OGSÅ  
GRAVSTEINAVDELING  
[www.krogdal.no](http://www.krogdal.no)

3. GENERASJON BEDEMANN  
Arild Aase  
*Aase*  
Begravelsesbyrå  
Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102  
24 TIMERS VAKTTELEFON

**NOVA**

BEGRAVELSESBYRÅ  
Gjesdal • Jæren • Sandnes

**51 61 04 00**

Hele døgnet

Hanne Brit Sandsmark  
og Møyfrid Hersdal



[www.novabegravelse.no](http://www.novabegravelse.no)



**Skyss til  
gudstenesta**

**BRYNE KYRKJE:**  
Sverre M. Lima 51 48 21 33  
Jonas Frøyland 41 30 04 68

**Ring før kl 10.00**



**GOD PÅSKE**

## **Gudstenesteliste**

<b>Sundag 29. mars</b>	<b>4. sundag i fastetida</b>	<b>Joh 11,45-53</b>
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule	
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule	
Bryne kyrkje	11:00 Familiegudst. Nattverd. Dåpsskulen. Barnas påske	
<b>Sundag 4. april</b>	<b>Palmesundag</b>	<b>Joh 12,12-24</b>
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste. Nattverd	
Undheim kyrkje	10:30 Familiegudsteneste. Dåp	
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste. Dåp	
<b>Torsdag 9. april</b>	<b>Skjærtorsdag</b>	<b>Matt 26,17-30</b>
Bryne kyrkje	19:00 Gudsteneste. Nattverd	
Undheim kyrkje	19:00 Gudsteneste. Nattverd	
<b>Fredag 10. april</b>	<b>Langfredag</b>	<b>Mark 14,26-15,37</b>
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste	
<b>Laurdag 11. april</b>	<b>Påskennatt</b>	<b>Mark 16,1-8</b>
Time kyrkje	23:00 Gudsteneste. Nattverd	
<b>Sundag 12. april</b>	<b>Påskedag</b>	<b>Luk 24,1-9</b>
Undheim kyrkje	10:30 Høgtidsgudsteneste	
Time kyrkje	11:00 Høgtidsgudsteneste. Dåp	
Bryne kyrkje	11:00 Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Sundagsskule	
<b>Sundag 19. april</b>	<b>2. sundag i påsketida</b>	<b>Joh 21,1-14</b>
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste med familiefokus. 4-årsbok	
Time kyrkje	11:00 Gudsteneste. Nattverd. Misjonstivoli	
Bryne kyrkje	19:00 Kveldsgudst. Nattverd. Livsens kjelde. Sonja Lie	
<b>Laurdag e. 2. sundag i påsketida</b>	<b>Joh 21,1-14</b>	
Bryne kyrkje	11:00 Konfirmasjonsgudsteneste	
Bryne kyrkje	13:00 Konfirmasjonsgudsteneste	
<b>Sundag 26. april</b>	<b>3. sundag i påsketida</b>	<b>Joh 10,11-18</b>
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule	
Undheim kyrkje	10:30 Familiegudsteneste. Dåp. 6-åringar	
Bryne kyrkje	11:00 Konfirmasjonsgudsteneste	
<b>Sundag 3. mai</b>	<b>4. sundag i påsketida</b>	<b>Joh 16,16-22</b>
Time kyrkje	10:30 Konfirmasjonsgudsteneste	
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste. Dåp. Sundagsskule	
Time kyrkje	12:30 Konfirmasjonsgudsteneste	
<b>Laurdag 9. mai</b>	<b>Laurdag e. 4. sundag i påsketida</b>	<b>Joh 16,16-22</b>
Bryne kyrkje	11:00 Konfirmasjonsgudsjeneste	
Bryne kyrkje	13:00 Konfirmasjonsgudsteneste	
<b>Sundag 10. mai</b>	<b>5. sundag i påsketida</b>	<b>Joh 15,1-8</b>
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste. Nattverd. Sundagsskule	
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste	
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste med familiefokus. Nattverd	
<b>Sundag 17. mai</b>	<b>17.mai</b>	<b>Salme 127,1-3</b>
Bryne kyrkje	08:30 Morgonsong med bøn for folk og land	
Lye forsamlingshus	09:45 Gudsteneste	
Time kyrkje	10:30 Gudsteneste	
Undheim kyrkje	11:00 Familiegudsteneste	
<b>Torsdag 21. mai</b>	<b>Kristi himmelfartsdag</b>	<b>Mark 16,19-20</b>
Bryne kyrkje	11:00 Gudsteneste. Nattverd. Felles med Time	
<b>Sundag 24. mai</b>	<b>Sundag før pinse</b>	<b>Joh 15,26-27</b>
Bryne kyrkje	11:00 Fellesgudsteneste. Jærdagsscenen. Økumenisk	
<b>Sundag 31. mai</b>	<b>Pinsedag</b>	<b>Joh 20,19-23</b>
Time kyrkje	11:00 Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd	
Bryne kyrkje	11:00 Høgtidsgudst. Nattverd. Sundagsskule. Misjonsvindu	
<b>Mandag 1. juni</b>	<b>2. pinsedag</b>	<b>Joh 16,5-11</b>
Undheim kyrkje	10:30 Høgtidsgudsteneste. Dåp	
Krosshaug	11:00 Gudsteneste. Felles med Klepp	
<b>Sundag 7. juni</b>	<b>Treeiningssundag</b>	<b>Matt 28,16-20</b>
Lye forsamlingshus	10:30 Gudsteneste. Dåp. Nattverd. Sundagsskule	
Undheim kyrkje	10:30 Gudsteneste. Nattverd. Brekko. Kyrkjelydstur	
Bryne kyrkje	11:00 Gudst. med familiefokus. Nattverd. Church & surf	